# Årsmelding for 2022 frå turngruppa

**Styret** har sidan årsmøte i 2022 hatt slik samansetjing:

Leiar: Ina Flø Nesset
Nestleiar: Yvonne Øvrelid Breivik
Sekretær: Vibeke Brune Slettebakk
Styremedlem: Elisabeth Flø
Styremedlem: Raymond Baade
Styremedlem: Tine Helen Jessen
Varamedlem: Eldrid Emdal

| Verv | Namn | 1 årspoeng | 0,5 årspoeng |
|---|---|---|---|
| Gruppeleiar | Ina Flø Nesset | x | |
| Nestleiar | Yvonne Øvrelid Breivik | | x |
| Sekretær | Vibeke Brune Slettebakk | x | |
| Økonomiansvarleg | Ina Flø Nesset | x | |
| Styremedlem | Elisabeth Flø<br>Tine Helen Jessen<br>Raymond Baade | | X |
| Leiar Idrettsrådet | | | x |
| Sekretær Idrettsrådet | | | x |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ubetalt trenar for utøvarar over 18 år | | x | |
| Oppmann for utøvarar over 18 år | | x | |
| Ubetalt trenar for utøvarar under 18 år | Linn Urke<br>Helene Ertesvåg Hasund<br>Helene Marie Kvalsund<br>Lise Mette Bertheussen Jelle<br>Vilde Dyrhol Abrahamsen<br>Sigrid Pilskog<br>Frøya Worren<br>Elida Øvrelid Breivik<br>Monica Grimstad<br>Sarah Overå<br>Lena Indreflø Brandal<br>Benjamin Reite<br>Christine Erdal<br>May Britt Ose<br>Elisabeth Kvalsund<br>Tonje Hareide Røyset<br>Ingrid Svendsen Holstad | | x |
| Oppmann for utøvarar under 18 år | Kristina Liaset<br>Vibeke Pettersen<br>Linn Therese Johnson<br>Hege Anett Leikanger | | x |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Lena Indreflø Brandal | | |

## Styret sitt arbeid

Oppmøte i styret har vore god, og varamedlem har deltatt på alle møta.
Styret har hatt 9 møter og handsama i alt 48 saker, blant anna

a. Turnstemne har gått igjen som ei sak på kvart einaste møte fram til mai 2022 då vi arrangerte turnstemne på Hareid juni 2022.
b. Turnhall har også gått igjen på kvart møte som ei orienteringssak om status.
c. Planlegging av arrangement og innsamlingsaksjonar har gått igjen på fleire møte

## Andre hendingar i året

**Regionkonkurranse i Molde** i mars. Her deltok Hareid med 7 aspirantar og 16 rekrutt og stige gymnastar.

**Regionkonkurranse i Ålesund** i mai deltok Hareid med 12 rekrutt og stige gymnastar.

**17 mai.** Konkurransegymnastane hadde ein opptreden under festen på 17 mai.

**Turnstemne på Hareid** i juni var starten på 100 årsfeiringa til Hareid IL. Her deltok totalt 250 gymnastar frå Hareid, Hødd, Sykkylven, Kristiansund og Ekko/Aureosen. Hareid hadde med heile 92 gymnastar på eit fellesnummer i konkurransa stemneprisen. I tillegg deltok Hareid med ei særtropp for gutar og ei tropp i show og oppvisningsklassa som var frå Turn Kvinner.

Hareid vann både stemneprisen og konkurransa i show og oppvisning.

**Opptreden under kongebesøket.** Konkurransegruppa opptrådet under kongebesøket.

**Regionkonkurranse i Trondheim** i september. Her deltok Hareid med 3 rekrutt og stige gymnastar.

**Hareidstemna**: Konkurransegymnastane hadde ei oppvisning under stemnefesten.

**Nasjonal rekruttkonkurranse i Bergen**. Her deltok Hareid med ein rekrutt.

**Krettsmeisterskap i Molde** i november. Her deltok 9 aspirantar og 18 rekrutt og stige gymnastar frå Hareid.

- 2. plass i lagkonkurransen for rekrutt 11 og 12 år
- 2. plass i rekrutt 12 år (Elida Baade)
- 3. plass i rekrutt 12 år (Alva Emdal Fure)

- 2. plass i klasse 2 (Elida Øvrelid Breivik)
- 3 plass i klasse 2 (Borghild Oline Holstad)

**Lagsmøte** med kretsen i januar og oktober foregikk digitalt. Ina deltok på begge to.

**Opning av Hareid IL Basishall.** Endeleg var dagen her og vi kunne ha offisiell opning av Hareid IL Basishall på sjølvaste 100 årsdagen til Hareid IL 28 desember 2022. Det er mange dugnadstimar bak å få dette på plass, og mange foreldre og trenera har stått på heilt opp i jula for å få alt på plass før opninga. Det var også veldig kjekt at over 100 barn meldte seg på open dag i Basishallen i romjula. Vi håper det medfører fleire medlemmar i turngruppa.

## Medlemskap i gruppa

| | | **Gutar** | | | | | **Jenter** | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Alderstrinn** | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26-år | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26-år | **SUM** |
| | 28 | 44 | | | 2 | 48 | 108 | 16 | 1 | 17 | **264** |

## Økonomi

Turngruppa har hatt ein stor dugnadsvilje dette året som har ført til gode inntekter til gruppa.

Vi starta året med flaskeinnsamling som ga ei inntekt på 23 000 kr.

I februar hadde vi ein spleisaksjon gåande der vi fekk inn 56 705 kr.

Saman med resten av idrettslaget var vi med på Fibgreen dugnaden. For turngruppa sin del gjorde dette at vi satt igjen med eit overskudd på 62 851 kr

Juleoppvisninga vi ikkje fekk hatt før jul 2021 pga korona, tok vi igjen i mars. Den ga ei inntekt på nesten 14 000 kr.

Vi hadde loddsalg våren 2022 der vi blant anna lodda ut ei signert fotballdrakt frå Fredrik Aursnes, samt ei brodert festskjorte frå Ågot Riise. Dette loddsalget ga ei inntekt på 50 390 kr.

Vi hadde to oppdrag frå kommuna på asylmottaket, eit i juni og eit i september. Det ga ei inntekt på 30 000 kr tilsaman.

Vi hadde kiosksalget på 17 mai på Hareid som ga ei inntekt på 30 450 kr.

Turnstemnet vi hadde i juni ga eit overskudd på 161 000 kr.

Under kongebesøket 1 september hadde vi kakesalg som gav ei inntekt på 4990 kr.

Når Hareidsdølen Triatlon var arrangert i september, hadde turngruppa ansvaret for kiosksalget her. Det gav oss ei inntekt på 5000 kr, samt vi fekk eit gavekort på 5000 kr på klubben.no

Vi hadde kakesalget under stemnefesten som var når det var Hareidstemne i oktober. Det gav ei inntekt på 11 315 kr.

Vi mottok ei støtte frå Sparebanken vest ildsjelfondet på 25 000 kr og frå Møre og Romsdal fylkeskommune på kr 50 000 til utstyr til turnhallen. Vi mottok også 25 000 kr til utstyr frå Møre og Romsdal gymnastikk og turnkrets.

I tillegg til dette har vi solgt andelar til Basishallen for kr 233 000 kr. Inntekts messig har dette vore eit svært godt år for turngruppa.

## Personale

Vi har i dag 19 trenera som har ansvaret for 9 grupper. Tre av disse har vore delvis ute i mammapermisjon dette året.

## Sluttord

Takk til alle trenarane som har stilt opp i enda eit år med flytting av utstyr før og etter kvar trening, og ikkje minst siste del av 2022 med mykje dugnad for å få klar Basishallen til opning 28 desember. Takk også til alle foreldre som gjennom heile året har stilt opp på dugnadar for å få pengar til turnutstyr og ikkje minst rett før jul og i romjula for å få på plass det siste for å kunne opne Hareid IL Basishall. Vi hadde ikkje klart det utan all hjelpa vi har fått.

Hareid, 09.02.2023

| | | |
|---|---|---|
| Ina Flø Nesset | Yvonne Ø. Breivik | Vibeke B. Slettebakk |
| *Ina Flø Nesset* | *Yvonne Ø. Breivik* | *Vibeke Bms Slettebakk* |
| Leiar | Nestleiar | Sekretær |
| Tine Helen Jessen | Elisabeth Flø | Raymond Baade |
| *Tine Helen Jessen* | *Elisabeth Flø* | *Raymond Baade* |
| Styremedlem | Styremedlem | Styremedlem |
| Eldrid Emdal | | |
| *Eldrid Emdal* | | |
| vara | | |

## Vedlegg

Rekneskap

Budsjett

Val